



Utanriksminister Børge Brende

Dato: 09.10.2017
Vår ref.: 2017/15796-3
Saksbehandlar: anifjel
Dykkar ref.:

Uttale frå Hordaland fylkesting om ratifisering av avtale som forbyr atomvåpen

Hordaland fylkesting har i møte 04.10.2017 vedteke slik uttale:

«Ratifisering av avtale som forbyr atomvåpen

Den nye avtalen som forbyr atomvåpen (TPNW) blei vedtatt av 122 statar 7. juli 2017. Dette er ein klar beskjed frå majoriteten av verdens statar om at atomvåpen er inhumane og uakseptable våpen som må avskaffast.

Avtalen vart opna for signering 20. september. Allereie har 53 statar signert, og tre statar ratifisert den, men Noreg er ikkje blant desse. Når 50 statar har ratifisert avtalane, vil den etter 90 dagar tre i kraft og bli ein del av folkeretten. Hordaland fylkesting vil difor oppmoda regjeringa om å signera og ratifisera avtala.»

Med helsing

Pål Kårbø
fung. fylkesordførar

Kopi:
Stortingsgruppene og Hordalandsbenken